

Til NVE

Stord 19.09.2018

Fråsegn til «Nasjonal ramme for vindkraft på land».

Stord_Fitjar turlag ser med uro på at fjellområde i Stord og Fitjar kommunar som grenser opp til Midtfjellet vindpark i Fitjar, blir utgreidde av NVE med omsyn til vidare utbygging av vindkraft på øya Stord.

Området er svært viktig for friluftslivet på øya, og det ligg i tillegg eit verna vassdrag her(Røydlandsvassdraget).

Me stør arbeidet med å få til endå meir fornybare energiløysingar, men vil hevda at øya Stord allereie har måtta tåla ganske stor nedbygging av viktige friluftsområde, då over ein fjerdedel av fjellområdet er vindmølleareal, og i tillegg skjemmer store kraftliner delar av landskapet.

Dermed seier me oss heilt samde i DNT sin konklusjon at arbeidet med «Nasjonal ramme for vindkraft på land» må stansast og «startes på nytt med medvirkningsmuligheter for befolkningen og nødvendige utredninger. Viktige verdier for friluftsliv og natur trues nå av tilrettelegging for en betydelig mengde ny vindkraftutbygging».

Med helsing

Gerda Malene Øen
Leiar SFT